

Referat FAU 15.05.25

Tilstades:

1. trinn: Lenka Garshol (vara). Forfall: Torje Stray
2. trinn: Vibeke F. Wevle og Øystein Stray Kostøl (vara)
3. trinn: Camilla Heien og Emma Isaksen (vara)
4. trinn: Ann Kristin Gram. Forfall: Kristine Seilfaldet (vara)
5. trinn: Tone A. Sagen og Hilde Cattini (vara)
6. trinn: Renate T. Hansen, Stine M. Lømsland, Rune Tobiassen (vara). Forfall: Hanna K. S. Sandring (vara)
7. trinn: Cecilie T. Nygård. Forfall: Sandra K. Meland.

FAU-leiar Elizabeth Christensen

Rektor Leif Anders Hånes (delar av møtet)

Sak 1: Godkjenning av referat

Referatet frå forrige møte godkjennast utan kommentarar.

Sak 2: Informasjon frå rektor

- Det kjem 21 1.klassingar til hausten, og det er 40 elevar som går ut av skulen frå 7.trinn. Det betyr at skulen får 19 færre elevar frå hausten av enn det ein har hatt no. Dette betyr færre pengar inn til skulen. Det er stramme økonomiske rammer for skulane generelt i kommunen og det er store utfordringar, men han opplever at ein på Justvik skole klarar dette greit. Investerer innanfor dei rammene ein har på det som blir opplevd som viktig. Opplever at det fungerer greit.
- Lite fråvær blant dei tilsette på skulen.
- Det skal arrangerast overføringsmøter med Havlimyra ungdomsskule for dei som no er på 7.trinn. Dette er viktig for å gi ein god start. Det skal også arrangerast førskuledag for dei nye 1.klassingane 5. juni. Dette er ein viktig dag for å gi dei nye elevane ein god og trygg start på skulen.
- Ein startar no ny temaperiode for skulen, som varer fram til ferien: Bærekraft. M.a. skal 5.trinn i samband med dette arrangerha byttemarknad.
- Til hausten ynskjer rektor å laga ei markering av at Justvik skole (i den forma den er i dag) er 60 år. Hensikta er både læring for elevane og å laga eit fellesskap rundt skulen.
- Gjennomgang av lærarkabal/-fordeling for dei ulike trinna for neste år. Rektor publiserer dette til alle føresatte i etterkant av møtet. Viser også til allereie publisert skulerute for skuleåret 2025/2026.
- Det skal arrangerast felles tur til Danmark for dei tilsette på skulen i starten av august. Dette for planlegging og samhald.
- Tilsett ny kontorleiar etter Grethe som startar frå august. Ho vil ha nokre dagar saman med Grethe for opplæring no i juni, og Grethe kjem inn litt i august for vidare opplæring.
- Rektor informerer vidare om at han har blitt invitert litt ulike plassar for å informera om korleis ein jobbar og driv skulen her på Justvik. Tar det som eit godt teikn at han blir spurta om slikt, og tenker at ein på denne måten bygger godt omdøme for skulen. Minner om at orda ein bruker når ein snakkar om skulen i slike samanhengar, men også oss i mellom og til barna, betyr noko for omdømmebygging og korleis ein opplever skulen.
- Takkar for godt samarbeid med FAU dette året, opplever at det har fungert godt.

Sak 3: FAU skuleåret 2025/2026

Elizabeth har no vore leiar for FAU i 2 år, og ynskjer no å gi vervet vidare. Ein kandidat har (under mildt press 😊) sagt at ho kan ta over vervet til neste år. Renate T. Hansen klappast inn som ny leiar for FAU for neste skuleår. Stine M. Lømsland kan tenka seg å gå inn som vara for Renate, og klappast inn som dette. Emma Isaksen tek på seg oppgåva som referent for neste års FAU.

Sak 4: Eventuelt

- **Temakveld for neste år:** Viser til referat frå forrige FAU-møte for supplerande informasjon. Det kan vera aktuelt å ta temaet frå forrige felles temakveld vidare, og f.eks. ha oppe tema «Grensetting». Det kjem inn forslag om to namn som kan vera aktuelle å ta vidare: Vegard Nilsen og Robert Burman.
- **Justvikdagen** blir 5.juni. Komiteen er i gong, og ligg greit an. Ventar på svar frå enkelte aktørar. Plakat er laga og vil bli publisert snarleg.
- **Barnas digitale hverdag:** Uklart kva som skjedde med plakaten som blei laga av FAU skuleåret 2023/2024 (og revidert noko av årets FAU). Det var snakk om at skulen skulle bruka plakatane, men ingen har sett noko til det. Elizabeth sjekkar opp i dette.
- Representant frå 3. trinn etterspør om FAU har diskutert noko kring oppropet/erklæringa som enkelte skular har tatt til seg vedr. å utsetta bruk av smarttelefon og sosiale mediar. Dette har vore oppe i ulike mediekanalar siste tid. Dette har ikkje blitt diskutert i vårt FAU p.t. Det presiserast at det er mykje som skjer på telefon/sosiale mediar som ein som føresette har vanskar med å få med seg, og ein tenker at dette kanskje kan vera noko å ta opp att igjen på starten av neste skuleår.
- **Sommargåve til lærarane:** Kvart trinn fiksar sjølv, og organiserer sjølv korleis dette skal gjerast.
- **Årshjulet og oppgåver for foreldrekontakt:** Ein ser at det kan vera nyttig at 1.trinn får meir informasjon om dette enn det som har vore vanleg tidlegare. Neste års FAU-leiar vil ta på seg å bli med på 1.trinn sitt første foreldremøte og informera om dette. Vidare har fleire trinn no god erfaring med at foreldrekontakt fordeler dei ulike oppgåvene på foreldra på trinnet, og bed om at dersom dette ikkje passar så må folk bytta innbyrdes. Dette sikrar at fleire bidreg. Eit anna alternativ er at ein evt. kan gå gjennom årshjulet i plenum på første foreldremøte og at folk kan melda seg frivillig til dei ulike oppgåvene slik. Resterande oppgåver fordelast vilkårleg på dei som ikkje har meldt seg til noko. Dårleg erfaring med at lista kun blir sendt rundt og ein skal skriva seg på sjølv, då er det ofte mange punkt som ikkje blir fylt ut.
- Det bør gjerast ei **opprydding på Facebook-sida** til FAU, både i deltakarar og i «filer». Vanskeleg å finna fram. F.eks. bør årshjul og forklaring for dei ulike punkta leggast lett tilgjengeleg. Ein bør kanskje også vurdera å skifta informasjonskanal til Spond. Det er ein del som p.t. ikkje brukar Facebook lenger, men Spond har dei aller fleste som har barn som er med på aktivitetar. Dette kan også vurderast som informasjonskanal for dei ulike trinna, fleire har gjort dette og det fungerer godt.

Årets FAU takkar for seg, og ynskjer neste års FAU lykke til!